

Utmarksoppsyn

Rapport: Ål utmarksoppsyn

Året 2022



Ola Vaagan Slåtten
23.01.2023

Bakgrunn for oppsynsordninga

Med Ål Sankelag som prosjekteigar skipa landbruksorganisasjonane i Ål til ei prøveordning med utmarksoppsyn i åra 2017, 2018 og 2019. Etter prosjektperioden har ordninga vorte vidareført. Finansieringa har helde fram som eit spleiseland mellom Ål kommune og ulike næringsorganisasjonar. I 2022 var Ål kommune, Ål Sankelag, Ål Fjellstyre, Vats og Leveld Sau og Geit, Ål Sau og Geit og Ål Bondelag med på å finansiere oppsynet. I tillegg søkte Ål Sankelag om pengar frå ordninga Fjellandbruket. Søknaden vart innvilga med 100 000 kroner fordelt over åra 2022, 2023 og 2024. Budsjettet for arbeidsåret 2022 vart dermed på 200 000 kroner.

Styringsgruppa arbeidsåret 2022 var som tidlegare år Rune Bøygard (Ål Sankelag), Håkon Haug Laa (Ål Bondelag) og Bjørg Torsteinsrud (Ål kommune/skrivar). Ola Vaagan Slåtten heldt fram som oppsyn. Slåtten arbeider på timebasis, og 2022 var sjette oppsynssesongen hans i Ål. Styringsgruppa er svært nøgd med det arbeidet han utfører.

Ål, 23. januar 2023



Breiset

Framsidebiletet er frå Holustølen, Rødungen N.

Innhald

Oppsynsaktivitet: Timar, kilometer, kostnadar..... side 4

Rapport/oversikt 2022: Kontroll, tilsyn side 6

Arbeidsoppgåver 2022: side 9

Erfaringar gjennom sesongen: side 11

Økonomi: side 18

Investeringar/eigendelar: side 19




Volelivegen, Torpo

Oppsynsaktivitet

Oppsynstimar 2022	339 timer (+ 2 vekesverk ferieavløysing ved Hol Fjelloppsyn)	339 timer inkluderer: Dagleg planlegging, vakt og rapportskriving utgjer ca. 1 time administrasjon pr. oppsynsdag/-tur. Fordelinga elles er slik: - 1 time oppdatering <i>Rapport for sesongen 2021</i> - 10,5 timer oppsyn i skiløypene - 26,5 timer vinteradministrasjon og planlegging/oppgradering før sommarseasonen 2022 - 15 timer evaluering, møte, årsrapport 2022, administrasjon etter sommarseasonen, og planlegging for 2023. Korrektur årsrapport 2022, blir på nyåret - 37 oppsynsturar i sommarseasonen + Hol sine turar
Kilometer	3146 km	
Kostnad pr. time (arbeidsgjevaravgift, løn og sosiale kostnader er rekna med)	414 kroner	Sjå økonomiaavsnitt side 18
Køyrekostnader pr. oppsynstime	47 kroner	



Dyrebotn



Ridalen/Veståsen

Rapport/oversikt sommarhalvåret 2022

Oppsynssesongen 2022 prioriterte styringsgruppa og utmarksoppsynet å gjennomføre mest oppsyn i fellesferien og sommarvekene fram til skulestart. Tanken er å vera mest mogleg i fjellet når det er mykje folk der, slik vi også gjorde det i 2020 og 2021. Vi prioriterte hyttefelt/gjerde og bandtvang/skilting først på sesongen. Ikkje minst prioriterte vi å få opp nye, permanente bandtvangskilt på stader med mykje folk og utan gode tavler å henge på. Fordi det blir gjennomført meir oppsyn i sommarvekene, blir det færre oppsynstimar utover hausten enn før koronatida. Det blir med andre ord mindre «sauesank», og noko mindre oppsyn i område langt frå ferdselsårene.

Som i 2017-2019 kjøpte vi to vekers arbeid av Hol Fjelloppsyn. I åra 2020-2021 kjøpte vi tre veker i året.

Kontroll, informasjon/avvik	2020	2021	2022
Fiske	Kontollar ved Toviken og i Føldalen. Rettleia diverse fiskarar og varsla om manglande fiskekort i kasser ved Hesttjørn, Hengsen mv.	Kontollar ved Rødungen N. og Varaldset. Hesttjørn. Kontroll av hus og kasse mv.	Kontollar Føldalen. Hesttjørn. Kontroll av hus og kasse mv.
Jakt	-	Oppsyn og kontollar ved Sangefjell og i Føldalen.	Oppsyn i Føldalen. Småvilt.
Bandtvang	6 av minst 72 gjekk lause	6 av minst 69 gjekk lause ¹⁾	4 av minst 61 gjekk lause ¹⁾
Gjerde	Registrert 76 farlege gjerde	Registrert 27 farlege gjerde	Registrert 75 farlege gjerde
Motorferdsel i utmark (barmark)	Nokre observasjonar på Hol-sida, er melde vidare til Hol Fjelloppsyn	Sjekkar ut fire tilfelle av hjulspor, maskinkøyring, graving.	Ingen tilfelle.
Forsøpling	Litt søppel å finne 39 av utedagane, (omtrent som i fjor)	Litt søppel å finne 30 av utedagane, (noko betre enn før?). Ei fylling.	Litt søppel å finne 26 av utedagane, (noko betre enn før?).

Skilting	Bandtvang	Bandtvang	Bandtvang
Kontakt/informasjon	Diverse kontakt frå rettleiing til småprat eller helsing i forbifarten	Diverse kontakt, frå rettleiing til småprat eller helsing i forbifarten	Diverse kontakt, frå rettleiing til småprat eller helsing i forbifarten

¹⁾ Dei få som hadde lause hundar sommaren 2022, var raske med å sette hunden i band ved/før påtale. I tillegg var det eit par tilfelle i løypene vinterstid. Talet på hundar i band er høgare enn talet 61, for holingane som vikarierte, noterte berre lovbro. Talet på lause hundar er litt høgare enn fire, men vi skriv ikkje opp gjetarhundar, vi spør likevel nokre bønder om hunden deira kan vere i band. *Vi har også besøkt hytter, samla informasjon, prøvd å nøste opp i saker der det er mistanke om laushundtilfelle.*

Enkelte ringer til oppsynet og vil leige fiske eller jakt. Då viser oppsynet til grunneigarar i dei ulike områda.

Barmarkskjøring er ikkje mykje omtala i tabellane, men dei gongene det skjer, kan det føre til stygge sår i marka. Hjulspor kan dessutan føre til at myrer blir drenerte. Dette må ein kanskje vera meir merksam på, også ved kjøring i samband med jakt. Av same grunn er det viktig å følgje med på utvikling av sykling i terrenget. Oppsynet meldte elles ifrå om eitt tilfelle av oljesøl på grusveg i sommar.

Sett over dei seks åra det har vore organisert utmarksoppsyn i Ål, kan det verke som om mengda søppel går litt ned, særleg «søpledøynger» og porsjonssnus. Oppsynet plukkar sjølv med seg handterleg søppel. Større ting blir meldt vidare til kommunen.

Oppsynet plar ha med seg ut minst 25-30 bandtvangplakatar kvar sommar. Desse gule plakatane overlever ikkje kulde, vind og sol over fleire år. Sesongen 2021 sette oppsynet og ut 19 permanente skilt om bandtvang, og ytterlegare 15 permanente i 2022. I 2023 vert det kanskje 20 til, kan det sjå ut for. Skilta vart sett på vanlege gjerdestolpar. I 2022 prøvde vi og ut nokre store blå plakatar, med fleire språk, på utfartspllassar. Behovet for tradisjonelle gule plakatar vil gjerne avta noko med desse nye typane plakatar.

Oppsynet tek også tak i anna etter skjønn, og varslar om ting det kan vera nyttig å få greie på. Det kan vera båtar fulle av vatn, feil skilting, opne vebommar og hyttedører, med vidare.

Ingen hendingar vart melde til politiet i 2022, men politiet vart orientert om alle brot på bandtvang, om tips om alvorleg faunakriminalitet, og om nokre tilfelle av sakna hundar.

Det kan sjå ut som det er fleire som vel å feriere med bobil i fjellet no enn tidlegare (sjå nedanfor).

Rapport: Ål utmarksoppsyn

Ferdsel/fugl/vilt i fjellet	2020	2021	2022
Bubilar	30 (pluss nokre campingvogner òg)	22 (pluss eit par campingvogner)	33 (pluss eit par campingvogner)
Rovfugl	46 stk., mest tårfalk, kongeørn og dvergfalk. Mest sist på sesongen.	15 stk., mest tårfalk, kongeørn, fjellvåk. Generelt lite rovfugl å sjå.	37 stk., mest tårfalk og kongeørn Generelt lite rovfugl å sjå.
Hjortevilt	Ingen observasjonar i fjellet	1 rådyr (Holsåsen). 1 elg Frosen.	-
Fjellrype/lirype (og skogsfugl)	65 ryper, 1 skogsfugl	124 ryper, 6 skogsfugl	35 ryper, 1 skogsfugl
Smågnagarar	Nesten ikkje mus eller lemen å sjå, kom nok litt mus på slutten	Nesten ikkje mus, ingen lemen å sjå.	Nesten ikkje mus, ingen lemen å sjå.
Hare	-	2 harar	5 harar
Rovvilt	1 hoggorm	1 snømus	1 snømus, 1 hoggorm, (1 firfisle)

Desse opplysningane er heilt sikkert prega av lite oppsyn tidleg og seint på dagen, og mest oppsyn før rypekulla er flygedyktige, samt mykje fokus på gjerde og skilting. Det var få ryper å sjå i juni og juli. I staden for heile kull, såg ein gjerne berre eit hovud eller to stikke opp frå lyngen. Det var moderat til lite ryper mange plassar i Sør-Noreg dette året.

Sau	2020	2021	2022
Funne daud	3 (1 søye drukna i myr)	-	1 lam (+ tips meldt vidare frå turgåarar)
Redda skårfeste	Varsla om 10 stk. sau	-	-
Redda myr	1 lam	-	-
Løyst frå gjerde	3 lam sleppt ut frå vollar, 1 ku var laus	-	-
Avliva	-	-	-
Meldt skadd/sjuk	2 sau, 1 geit	2 sau (Ål/Hol)	1 geit, 2 sau (Ål/Hol) (+ mykje vidareformidling frå turgåarar)
Meldt etter fjellsanken	16 (+ 7 meldt til Hol) + mange meldt vidare til Ål og Hol etter tips	11 (+ ein del fleire til Hol) + mange meldt vidare etter tips frå turgåarar	37 (+ 5 til Hol) + melder vidare etter tips frå turgåarar

Arbeidsoppgåver 2022

Det viktigaste i oppsynstenesta er tilsyn, rettleiing/vertskapsrolle, kartlegging og kontroll.

Meir om hovudoppgåver:

Det har vore ei hovudoppgåve å sjå etter beitedyr, særleg sau, i utmarka. Hund og bandtvang er ei høgt prioritert oppgåve for utmarksoppsynet i Ål. Vertskapsrolla er ei anna oppgåve som er viktig å skjøtte. Ein møter folk, og ein driv med informasjon gjennom Ål kommune sine fjesboksider og gjennom lokale aviser.

Det har vore viktig å kartlegge ferdsel på ulikt vis, samt fuglar og dyr, for å kunne bidra til betre oversikt over utmarka i Ål. I 2022 har ein halde fram med å registrere artsobservasjonar på internetsida med same namn. Det å ta med søppel frå fjell, stigar og parkeringsplassar har vore ei opplagt oppgåve også denne oppsynssesongen. Fiske har ikkje vore høgt prioritert i oppsynet so langt. Fjellstyret har bede om at oppsynet er innom Føldalen i småviltjakta, slik også i år.

Utmarksoppsynet heldt nær kontakt med styringsgruppa for arbeidet.



Trettestølane-Hellebu

Utført arbeid:

- ✓ Føre tilsyn med beitedyr i alle delar av kommunen. Varsle saueeigarar/grunneigarar i nabokommunar når det er naturleg.

Rapport: Ål utmarksoppsyn

- ✓ Koordinere – sjå til at folk med felles interesser, til dømes ved beitedyr eller kjæledyr på villspor, veit om kvarandre.
- ✓ Melde frå om skada, skorfaste dyr med vidare, og om *alle* sauер i fjellet etter fjellsanken.
- ✓ Henge opp plakatar om bandtvang. I 2021 laga Ål kommune ein del nye, permanente plakatar i samarbeid med utmarksoppsynet, desse er det utplassert fleire av i 2022. Rydde kvist, so skilta vert synlege.
- ✓ Registrere fugle-/dyreliv, bilar, gåande/syklande mv. i fjellet.
- ✓ Fjerne diverse søppel – smått og stort – gjennom heile sesongen. Varsle kommunen om forsøpling eller skjemmande dynger nærmare bygdene.
- ✓ Legg med jamne mellomrom ut livsteikn, informasjon og oppmodingar frå utmarka på Ål kommune sine fjesboksider.
- ✓ Brukar lokalavisa til å nå ut med viktig informasjon om gjerding og bandtvang
- ✓ Administrativt arbeid, som planlegging, samt rapportskriving til styringsgruppa etter kvar oppsynstur.
- ✓ Sjekke turvegar, skilt og postkasser med vidare.
- ✓ Gje informasjon og svare på spørsmål frå folk på tur.
- ✓ Diverse kontroll, særleg bandtvang og gjerde. Også jakt- og fiskeoppsyn.
- ✓ Fotografere, registrere, ettersjå og formidle kunnskap om kulturminne der det er naturleg.
- ✓ Følge opp eigne eller andre sine observasjonar av barmarksøyring, mogelege permanente «telt» med vidare.
- ✓ Melde frå om bygningar som er därleg sikra/farlege.
- ✓ Hjelpe beitedyr som treng hjelp for å kome seg ut frå vollar mv.
- ✓ Vinteren/våren 2022 var oppsynet nokre turar ute i skiløypene. Føremålet var særleg oppfølging av reglane i lokal hundeforskrift om bandtvang i maskinpreparerte skiløyper frå 15. desember til 1. april.



Vesleåni, Oppheim


Erfaringar gjennom sesongen

UNIFORM: Oppsynet er i teneste stort sett alltid utstyrt med gul eller grøn overdel med logo. Det gjer at folk skjørnar at dei kan ta kontakt. Ei uniform med jakkemerke kunne vore eit alternativ. Då ser ein òg at det er oppsynet ein møter, men ikkje på langt hald. I så fall måtte ein heller ha på raud lue eller gul vest for å ta vare på tryggleiken i jaktområde.

LEGITIMASJON: Oppsynet går med politiskiltet rundt halsen, og skal såleis vere tydeleg å forstå rollemessig.

TELEFON: Det ligg ute kontaktinformasjon til oppsynet mellom anna på kommunen si nettside og fjesbokside. Servicetorget i kommunen gir ut nummeret når folk ringer dit. Det er greitt å ha ein vakttelefon, men det ringer like mykje på den private telefonen som på jobbtelefonen. Mest aktivitet på telefonen er det i fellesferien. Det er viktig at informasjon om til dømes skadde dyr, og dyr som går att etter fjellsanken, raskt kjem til rett person.

Oppsynet fekk utdelt telefon frå kommunen. Denne telefonen har hatt noko mindre dekning i enkelte område enn privattelefonen, og har difor vore lite i bruk ut over funksjonen som vakttelefon.



Varaldset, kveldstid

SAU: Det er ei hovudoppgåve å sjå etter beitedyr, særleg sau, i utmarka i Ål. Bortsett frå i Sangefjell-området, er ein nærmast garantert å treffe beitedyr når ein er på oppsyn i Ål. Dermed har oppsynet observert mykje sau gjennom sesongen. Saueneigarane driv sjølvsagt òg tilsyn.

Fleire dyr enn normalt var på trekk heimover på seinsommaren. Årsaka var kanskje at det hadde vorte svært tørt ein del plassar i fjellet.

Oppsynet har sett nokre sauer i fjellet etter fjellsanken. Oppsynet har òg meldt vidare om mange sauer etter tips frå andre. Dette sparar vonleg saueneigarane for tid og bekymringar.

FISKEKORT: Fiske har ikkje vore høgt prioritert. Noko kontroll, rettleiing og hjelp har det likevel vore. Folk ser ut til å te seg vel.

FORSØPLING: Søppel er ei oppgåve ein aldri blir ferdig med. Det er ei viktig oppgåve fordi terskelen for å kaste søppel i natur som allereie er forsøpla er lågare enn i rein natur. Dermed ligg det ein gevinst i å halde oppe standarden, eller til og med heve han. Sesongen synte at det er veldig bra i Ål-utmarka. Det kan ha å gjere med at det ikkje er asfaltvegar og at det er få store parkeringsplassar i fjellet. Dermed unngår ein busstopp og mange bilar på ein stad. Erfaringsmessig har det lett for å bli søppel slike stader. Det kan vera ein tanke å undersøkje med til dømes vassdragsregulantane kor mykje landbruks-/bygningsplast dei finn ved inntaka sine, og om det er behov for tiltak.



Geitevasstølane

VERTSKAP: Vertskapsrolla er ei viktig side ved oppsynet i Ål. Dei fleste som går tur møter sjølvsgått ikkje på oppsynet. Av dei som møter oppsynet er det enkelte som har spørsmål eller treng opplysningar/rettleiing om til dømes utvida bandtvang eller bruk av lang line.

I motsetnad til dei standardiserte bandtvangplakatane frå Norsk Sau og Geit opplyser dei nye, permanente bandtvangplakatane om *utvida bandtvang* lokalt. Dei lokale plakatane burde kanskje erstatte alle standardplakatar etterkvart? Oppsynet har ein dialog med kommunen om dette. I sesongen 2022 prøvde vi også ut nokre store blå plakatar med tekст på fleire språk. Desse kan nok egne seg der folk frå andre land startar turane sine, til dømes ved campingplassar og parkeringsplassar ved dei mest brukte turmåla.

I tillegg til direkte kontakt, treff ein òg mange ved å leggje ut saker på kommunen sine fjesboksider. Oppsynet deltek også gjerne på til dømes «Ny Giv»-møte, hyttemøte, og på ulike møte med beitenæringa.

Skal ein treffe mange folk, kan ein oppsøkje stader som er plukka ut som årets «10 turfavorittar». I tillegg er det ein del stader som alltid vil ha mykje trafikk, slik som Lauvdalsbrea, Versjøen/Grytingen, Sangefjell og Toviken/lungsdalshytta. Det er naturleg nok mest folk ute på finversdagar og i feriar/helger. I år prioriterte oppsynet hytteområde tidleg i sesongen og Nordfjella seinare i sesongen, dei fleste timane vart brukt på varmaste sommaren.

Etter kvart som ordninga med utmarksoppsyn har vorte innarbeidd og betre kjent, ser ein at utmarksoppsynet til ein viss grad får ei koordinerande rolle i utmarka. Oppsynet passar på at folk med samanfallande interesser veit om kvarandre, til dømes når beitedyr eller hundar er

på villspor, og både turgåarar og beitebrukarar tek kontakt med oppsynet for å få ting formidla vidare.

ULIKE OPPGÅVER/SPISSING: Det er ikkje nødvendigvis same dagane ein ser mykje folk, mykje sau og mykje vilt. Truleg er det slik fordi gruppene til ein viss grad utelukkar kvarandre, og fokuset til oppsynet vil vere ulikt. Denne sommaren farta oppsynet som sagt ein god del i hytteområde. Mellom anna difor er det registrert mange farlege gjerde i 2022. I hytteområde er ‘farlege gjerde’ gjerne straumtråd eller straumnett – med eller utan straum. Også grunneigarar/bønder slurvar iblant med gjerde. Seinhaustes er nokre område spesielt aktuelle med omsyn til attgåande sau. Det gjeld mellom anna Nordfjella og Veståsen. På Veståsen vil elgjegerane kunne koma over attgåande sauier.



Toviken

BANDTVANG: Hund/bandtvang er ei prioritert oppgåve for utmarksoppsynet. Oppsynet opplever talet på laushundar som ganske stabilt. Talgrunnlaget for å hevde dette er imidlertid lite. Ikkje alle følgjer reglane – enkelte er imot reglane, medan andre ikkje kjenner reglane godt nok. Det kan verke som at ein del ikkje er klar over at bandtvangen i Ål går ut over dei generelle reglane om bandtvang til 20. august. Det gjev god signaleffekt dersom beitebrukarar/grunneigarar sjølve er nøyne med å sette hunden i band når hunden ikkje er i arbeid. Ei hundebekymring etter 2021-sesongen var området rundt Lauvdalsbrea. Oppsynet har bede rovvilktakten gje melding om det vert rapportert skadar på sau i Ål framover. Best mogeleg informasjonsutveksling mellom ulike instansar er viktig for førebygging og oppsyn. Vi skilta elles betre i det omtala området i 2022, og vonar at det har vore til hjelp.

KARTLEGGING: Det har vore viktig å kartlegge ferdsel på ulikt vis, samt fuglar og dyr, for å kunne bidra til betre oversikt over utmarka i Ål. Det blir mest av dette om ein spreier timane i sesongen, og dersom det nokon gong blir mindre behov for fokus på gjerde og skilt.

Regelmessig registrering på «artsobservasjoner.no» kom i gang sesongen 2019. Ein kunne òg til dømes tenkje seg intervju med dei som overnattar i bobil på fjellet, for å lære meir om utmarksbruken deira.

ARBEIDSMILJØET: Utmarksoppsynet heldt nær kontakt med styringsgruppa for prosjektet. Både styringsgruppa og andre ein ringjer til for å få hjelp, er til veldig god hjelp i arbeidet.

Det kan vere verdt å vere i utvikling framfor ein ny sesong. Oppsynet følger derfor med etter mogelege, nyttige, kurs i til dømes sanksjonar ved regelbrot, endringar i lovverk med vidare.



Fødalen

Oppsynet etablerte eit samarbeid med Hol Fjelloppsyn allereie i 2018. Dei vikarierte også feltsesongane 2019, 2020, 2021 og 2022. Ein kan spørje dei om meir hjelp ved eventuell sjukmelding eller situasjonar med spesielle utfordringar som til dømes brå auke i talet på hund- eller rovviltskadar. Sesongane 2020 og 2021 kjøpte vi tre veker oppsyn av holingane. I 2022 kjøpte vi to veker oppsyn. Hol Fjelloppsyn hadde ikkje kapasitet til meir oppsyn hjå oss, men vi fekk til å handtere resten av sesongen sjølv.

Det er generelt god hjelp i å kunne drøfte ting med nabooppsyn, eller melde observasjonar vidare til rovviltskontakten. På same måte har styringsgruppa som sagt òg ofte vore til hjelp. Hol Fjelloppsyn har sidan hausten 2021 sett på sin eigen organisasjon/modell. Dersom

Rapport: Ål utmarksoppsyn

holingane vel å endre måten dei organiserer oppsynet sitt på, må Ål vurdere korleis vi handterer det, og om det er aktuelt for oss òg å endre organisering.

UTSTYR: Det vart kjøpt inn GPS til prosjektet i prosjektperioden. Den har vorte brukt til å registrere posisjonar og hendingar. GPS-en på telefonen har vore mest i bruk, og blir nytta meir enn papirkart. I år kjøpte vi òg ein nødpeilesendar, som har lege i sekken.

Anna aktuelt utstyr til bruk i oppsynsteneste kan vere uniform, regntøy med eigen logo, gummistøvlar, ryggsekk (liten/stor), kikkert, ei robust skaljakke, ulltrøye, og kanskje fjellduk til bruk på kalde dagar. Drone kan verte aktuelt, eller ein kan låne og teste ut kor nyttig det er til dømes ved saueleiting. So langt er det helst tenkt at sankelaget leiger inn lokale ekspertar til dronesøk ved behov. I tillegg blir det stadig fleire børder som har drone sjølv.

PLAKATAR: Bandtvangplakatar bleiknar, men dei ser stort sett ut til å få vera i fred. Ein bør halde auge med om dei er på plass og skifte dei ut når det trengst. Oppsynet har stort sett hengt opp/skifta ut ca. 20-35 stk. årleg. Denne sommaren erstatta permanente plakatar dei gule standardplakatane mange stader. Standardplakatane framstår som forbruksvarer. Kanskje skiftar vi ut dei fleste som er att neste sesong, slik at det meste er permanent. Då treng ein berre *ettersyn* i det vidare, og kan bruke meir tid på anna oppsyn.

RAPPORTERING: Etter kvar oppsynstur har oppsynet skrive ein liten rapport til styringsgruppa. Det har vore ei grei ordning.

STIGAR: Turvegar, skilt og postkasser vert ikkje sjekka systematisk, men oppsynet ser til at alt er i orden, når han er der lell. Særleg treng skilta ettersyn, ikkje minst om det er kyr eller geiter i områda der dei står. Noko «skadeverk» er det med slike firbeinte.



Skarvanstøltjørna

ETTER SAUESANKEN: Oppsynet melder ofte ifrå om sau etter fjellsanken om hausten. Mest i dei sesongane der timetalet har vore meir jamt i dei ulike barmarksmånadene. Om hausten ferdast det òg ein del rypejegerar i fjellet, reinsjegerane er borte nokre år no. Særleg seinhaustes hadde det vore nyttig om rypejegerar og andre kunne vore endå flinkare til å melde ifrå når dei ser sau i fjellet. Kommunen kan informere på nettsider og i møte, og det kan vere ein tanke at alle sameiger som leiger ut jakt, har sau som eit punkt i jaktavtalen. Det kan i 2022 verke som om det er endå fleire som melder frå om beitedyr på frifot eller med skader enn tidlegare. Fleire skjønar tilsynelatande koss dei kan melde ifrå, og til kven. Bra!

Det er ei avveging kor lenge utmarksoppsynet skal halde på utover hausten. Det vert mindre folk og beitedyr i fjellet etter haustferien, men ein kan hente inn informasjon, gje rettleiing og treffe folk og dyr også etter den tid. Særleg kan dette gjelde (sjeldne) rovfuglar og kanskje fjellrev, dyr som kan vere meir på farten i dei stille haustfjella. Ein ser òg at folk tek kontakt med oppsynet om dei har sett beitedyr – og bandtvang er eit aktuelt tema ut oktober. Spørsmålet vil òg avhenge av budsjetttrammene. Det er ikkje lett å vite kvar ein skal leite etter ei manglande søye seinhaustes. Då kan det vera bra om nokon, til dømes oppsynet, ferdast over større område og på syknedagar.

Eit par spørsmål heilt til slutt: Korleis kan ein nå endå fleire hytteeigarar slik at alle skjønar at trådgjerde/nylongjerde ikkje er noko ein kan bruke rundt hytta? Denne sesongen dreiv vi aktivt oppsyn/registrering, hang opp lappar og vi skreiv brev, i tillegg brukte vi media og fekk rikeleg med spalteplass. Er det no grunneigarlag som må meir på banen og kanskje velforeiningane i hytteområda? Og korleis kan ein sikre at alle har hunden i band? Vi er til stades, vi skiltar, vi tek kontrollar, vi skriv på nettsider, vi snakkar med folk og ulike aktørar, kva meir kan vi få til saman?



Mot Ragnhildtjørn

Oversikt over økonomien

Pr. 31. desember 2022

POSTAR	2020	2021	2022
Løn (inkl. trekkpliktige godtgjeringar og pensjonsinnskot KLP)	121 854	121 419	126 895
Arbeidsgjevaravgift	12 917	13 042	13 451
Køyregodtgjersle	16 285	15 338	17 314
Bompengar og parkering	410	450	619
Kjøpte tenester (Hol Fjelloppsyn)	37 500	37 500	25 000
Utstyr eks. mva	1 693	3 028	5 808
Telefon	650	418	500
Garmin naudpeilesendar (abonnement)			832
Diverse			
SUM UTGIFTER	191 309	191 195	190 419
Tilskot (Ål Sankelag, Ål kommune, Ål Bondelag, Ål Fjellstyre, Vats og Leveld Sau og Geit, Ål Sau og Geit)	175 000	175 000	158 500
Tilskot Fjellandbruket (utbetaling årstalet etter)	25 000 ^{*)}	25 000 ^{*)}	33 333 * ¹⁾
SUM INNTEKTER			191 833
Overskot/underskot	- 16 309	- 3 695	1 414

*¹⁾ Ål sankelag fekk i 2022 tildelt 100 000 kroner i tilskot til utmarksoppsyn dei neste tre åra. Pengane blir utbetalt på grunnlag av rapport og årsrekneskap. Det inneber at utmarksoppsynet, via tilskotsmottakaren Ål Sankelag, kan få utbetalt inntil 66 666 kroner (75 %) på grunnlag av oppsyn i 2022. Resten, 33 333 kroner, blir utbetalt når vi sender inn rekneskap og rapport for 2024. For å synleggjera pengane har vi frå og med 2022 valt å ta eksterne tilskot med på inntektssida sjølv om pengane ikkje har kome på konto enno.

*²⁾ Ål sankelag fekk i 2019 tildelt 50 000 kroner i tilskot til utmarksoppsyn for to år. Pengane vart utbetalt på grunnlag av rapport og årsrekneskap. Det innebar at utmarksoppsynet, via tilskotsmottakaren Ål Sankelag, fekk utbetalt 37 500 kroner (75 %) i 2021. Resten, 12 500 kroner, vart utbetalt når Statsforvaltaren (administrerer ordninga) fekk tilsendt rekneskap og rapport for 2021 på nyåret i 2022.

Udstyr kjøpt i 2022: Garmin naudpeilesendar, fjellbukse, litt småterri for å få sett opp bandtvangplakatar

Tala frå 2020 og 2021 er tekne med som samanlikningsgrunnlag.

Oversikt over utmarksoppsynet si eige

- 1 mobiltelefon, lånt av Ål kommune
- 1 mobilladar
- 1 mobilfutteral
- 2 stiftmaskinar
- 2 gule vestar
- 1 grøn vest
- 1 par lange fjellsko
- 2 par halvhøge fjellsko
- 1 GPS
- 1 naudpeilesendar
- 1 vind-/regnjakke
- Diverse bomkort til utlån
- 2 fagbøker (om Viltlova og om politiarbeid)
- 1 rumpetaske
- 3 uniform-t-skjorter
- 1 fjellbukse

Utstyret er samla i hop sidan prøveprosjektet starta i 2017. Eignelutane blir vidareførte i drifta. Sko og klede er bruksutstyr som etter kvart blir utslite og erstatta. Naturleg nok følgjer det person.



Djup